

# OVER FJORD OG FJELL

---

**Dette er ei fast overskrift på tekstar som skildrar korleis folk tok seg fram på land og sjø under vekslande tilhøve i fjern og nær fortid.**

Det kunne vera litt av ein dagstur når folk frå Nordgrend skulle ein tur til Dale for 40 - 50 år sidan. Sikraste ferdavegen var enno til sjøs, men då måtte ein ha båtskyss. Det var smått med faste ruter. Til lands var det enkelt å gå der det var veg. Men det var ingen bruver over fjordane, og vegen langs Bolstadfjorden var berre i tankane som noko som kanskje kunne koma ein gong i framtidia. Men folk var ikkje so kvidafulle verken til å koma seg fram til fots eller til å gjera ei beine for andre med ein «liten» rotur på eit par timer.

Jenny var fødd og oppvaksen på Laksevåg og kom som ung byjente og vart gardskona på Gammersvik på Osterøya i 1938. Stykket er skrive som innlegg i «Kveldseta», det handskrivne lagsbladet til Stamnes husmorlag. Teksten er omsett.

## Ein tur til Dale i byrjinga av krigsåra

**Jenny Gammersvik (1914 - 1990)**

Det var ein dag at Ingeborg Elvik og eg skulle til Dale på handel. Ho Ingeborg budde i Toskedalen og hadde 5 km å gå til Gammersvik. Det var ikkje så lett å kome avgarde når vi skulle nokon stader frå Nordigardane i dei dagar.

Dagen var bestemt, og han Erik på Bogen skulle skyssa oss frå Gammersvik til Kalland med den vesle motorbåten sin. Veret var vakkert, ein riktig fin vårdag med fuglesong og nyutsprodden bjørk og hegg som lyste opp i landskapet. Vi var i godt humør, og glade gjekk vi ombord i båten til han Erik. So for vi tøffande avgarde gjennom Mellesdals-sundet, over Simmenes-fjorden, forbi Kallandsfyret og til lands ved Vevatne si brygge på Kalland. Det var ein fin tur på ein speilblank fjord. Vi betalte for skyssen, og Erik sette kurser heimover att.

Dette var tidleg på dag, så vi såg ingen ute i Kallandstunet. I ein fart kom vi oss opp til vegen. Det var meinings å ta bussen, men vi var usikre på klokkeslettet når bussen skulle vere her.

Bussen let venta på seg, og vi stod der både vel og lenge. Vi lurte på kva dette skulle bety, men der var ingen folk vi kunne spørje.



«Jåbæken» på Straume

Utlånt av Knut A. Stamnes

Endeleg kom ei dame ut oppe i Bjørkheims-tunet, og vi sprang bort for å spørje kva tid bussen kom.

«Ventar de på bussen, ja då får de vente lenge», fortalte ho Margit, «for i dag er det onsdag, og då går det ingen buss»!

Og der sto vi og lurte på kva vi skulle gjøre. Erik var då faren om alle nes, så han fekk vi ikkje kontakt med. Vi bestemte oss for å ta beina fatt, og så bar det i veg mot Stamnes. Vi hadde kvar vår sekk med ull, 2 - 3 kg, for vi måtte ha ull med, skulle vi få garn igjen når vi kom til Dale Fabrikker. Vi rekna med å få endar av tøy også. Restar, kalla folk det då.

Folk var byrja å koma ut på åker og eng i arbeid. Nokon spadde i potetåkrane sine, og nokon bar møk i kipene sine. Nedom vegen i Hagen gjekk han Styrk Leiren og breidd møk. Han Styrk var ein mann alle kjende. Han budde i eit lite hus i Leiren, huset står tett ved vegen. Styrk var skatteoppkrevjar og assuransemann. Han ville snakka med oss, og vi slo av ein prat. Han syntest det var leit at ikkje bussen gjekk. Men i dei dagar var vi vane med å brukta beina, så vi gjekk berre vidare.

Vi tenkte at vi skulle få Jåbekk-Knuten til å skysse oss til Dalseid. Det bar forbi Otterstadneset og forbi skulehuset der; borna var ikkje komne enno. Ved Skyggebergdalen såg vi ein mann som trekte garn nede på fjorden. Det var han Ingvald Kallestad, såg vi. Så runda vi Hydno, og Hedlo låg framfor oss,

men utan nokon Jåbæk-båt å sjå. Det gikk forbi det gamle handelslaget, det gamle huset til skreddaren og så forbi bakeriet til Dylviken. Frå det huset kom det ut ei herleg bakarduft. Bakaren heldt vel på med «krisebrøda», slike vi laut ete under krigen.

Endeleg kom vi inn der han Jåbæk-Knut budde. Men «akk o ve», ingen Knut var heime, for han var på Tyssebrua, der kona hans var frå og hjelpte til med våronna. Brita Stammesfet bad oss inn, og der fekk vi god Karomakaffi med kjeks til. Du kan tru at det smakte oss godt! Brita hadde strikkesmaskin, og ho strikka for folk. Eg hadde nyleg fått strikka undertøy til Lars, så ho fekk eg betale henne for dette. Så gjekk vi vidare forbi Leiren, der masser av sauvar og lam var ute og sprang. Vi gjekk forbi Bråtet og Stokkabakken, der vi var eit ærend innom Inger Møster, som budde i eit lite eventyrhus nedom vegen. Det var ei veldig stor grue eller peis på kjøkkenet. Han var kvit og nådde heilt i taket.

Vi gjekk vidare innover til Vikastoa og saga. Og tenk: Framfor sagahuset låg ein liten motorbåt med ein mann ombord. Vi sprang ned og spurde om han kunne skysse oss til Dalseid. Mannen sto ei stund og tenkte. Dette var han Håkon Vedaa. Han var båtbyggjar, og no var han på saga i Vik for å sage materiale til arbeidet sitt. Han etla seg heimatt til middag, sa han, men når vi fortalte om situasjonen vi var i, var han villig til å skysse oss til Dalseid.

Vi hoppa ombord, og så for vi inn gjennom Vikafjorden, opp straumen og inn på Bolstadfjorden. Ein fin tur i det herlege veret, og no såg vi lysare på tilværet. Håkon fekk 10 kr for skyssen, og vi gjekk opp til jernbanepepperrongen på Dalseid. Vi var innom ho Brita Dalseid for å høre om det snart kom tog, men vi fekk då vita at det ikkje var tog før seinare på dagen. Så då var det like godt å traska vidare med ullsekkane våre til Dale. Vi var både trøytte og svoltne, så det første vi gjorde, var å besøke Vedå kafé for å få oss Karoma-kaffi og krisebrød.

Etterpå bar det inn på fabrikken i eit kjellarrom med ulla, og den fekk vi bytta i garn! Sidan var vi på utsalet og fekk kjøpe oss endar og tøyrestar hos ei som heitte Tora. Men vi syntest det var lite av tøy-endar vi fekk med oss heimatt. Vi besøkte Ingeborg sine slektringar også.

Heimturen var med toget frå Dale til Dalseid, Jåbæken frå Dalseid til Stammes med fleire stopp undervegs. Han Knut skysste oss heilt fram til Gammersvik. Då var eg heime, men Ingeborg skulle gå lenge enno før ho var framme i Toskedalen. Vi syntest begge at turen hadde vore vellukka!